

Holmar og skjer på og kring Bjørnsund

Av Helge Sandøy


Ingen har vel talt opp kor mange holmar og skjer som stikk opp over vassflata utafor Romsdshalvøya. Det er ein stor uoversiktleg skjergard og eit variert øyrike. Det aller meste ber eit namn, men ingen har full oversikt, verken over kor mange lokalitetar som finst, eller kva alt heiter.

Det kan vere interessant å sjå litt systematisk på ein del av desse namna. Dei kan somme tider gje oss eit innblikk i korleis forfedrane våre tenkte, korleis dei orienterte seg i dette innfløkte havstykket, og korleis dei opplevde landskapet. Namna var viktige for næringa og for å berge livet. Stadnamna er såleis del av kulturarven vår, som me lett gløymer no når alle lokalitetar blir berre nummer på GPS-en.

Me skal gå igjennom ein del av namna med å sjå på øyane, holmane, skjera og fluene

på og kring Bjørnsund. I språket vårt organiserer me altså "namneberarane" i fire kategoriar, som alle har det til felles at lokaliteten stikk opp over havet – i alle fall ved fjøre sjø. Interessant nok har me ikkje noko felles ord for dei. Men kvar grensa går mellom øyar, holmar og skjer, er nok ikkje opplagt. Fluene skil seg derimot ut med at dei er under vatn ved flod sjø. Nedafor deler eg namna i to grupper nokolunde etter størrelsen på lokaliteten. Bak namna står eit nummer som ein kan finne att på kartet, og heilt til slutt i artikkelen står ei samla namneliste der ein òg finn uttalen.¹

¹ Eg takkar Arve Hammerøy og Oddbjørn Pedersen for mange saksopplysningar frå Bjørnsund til denne artikkelen.



Oversiktsbilete av delar av Bjørnsund med holmar og skjer. Foto: Widerøe.

Øyar og holmar

Viktigaste øyane er *Nørøyna* (16) og *Sørøyna* (52), som rett og slett ikkje ber så interessante namn. Dei fortel om korleis dei som budde der, orienterte seg. Dei rekna dette som så midt i verda at dei trong ikkje meir utmålande namn enn at dei to øyane låg mot nord og sør, som etter kompasset er nordaust og sørvest. Så "banale" namn var det neppe den tida øyane ikkje var befolka, dvs. før reformasjonen. Det ville vere underleg om desse to øyane ikkje hadde "vanlegare" namn då. (*Nørøyna* er ei samandraging av *Nordre-øyna*. *Nordre* og *søre* er i desse namna komparativformer til *nord* og *sør*, og betyr altså 'lenger nord' og 'lenger sør'. *Øyna* er den typisk vestlandske bestemte forma av ordet *øy*.)

Det er altså inga øy som heiter Bjørnsund. Det er dei to fiskeværa til saman som heiter det. I *Nordvesten* for 1994 skreiv eg om dette namnet, m.a. om at det i utgangspunktet er eit "papirnamn" frå 1500-talet laga med utgangspunkt i *Bjørnøysundet*, som altså går mellom *Nørøyna* og *Bjørnøyna* (15).

Ein bard

Ein interessant namn som er brukt på Bjørnsund, er *Bardane*, som står for enkeltholmane *Storbarden* (22), *Midtibarden* (20) og *Nördstebarden* (19). Namnet kjem av substantivet *ein bard*, som betyr 'kant' eller 'rand'. Me kjenner det sjølvsagt att i *elvbard*, og det er nær i slekt med *eit bord*, som altså i utgangspunktet var meir orientert mot ein 'kant' enn mot ei 'plate/flate'. I dette tilfelle må ein tenkje seg at namnelagarane i si tid har vore opptekne av at desse holmane forma den randa eller kanten som vernar mot havet og brota utafør. Innafor er sjøen smulare. Me kunne omsette namnet med 'dei vernande holmane'. Ser ein på kartet eller tenkjer seg situasjonen før moloen kom, er dette ei forklaring som må klaffe godt. Same namnet finn me òg att på nokre skjer nordaust for Bjørnøyna: *Bjørnøybaren* (14) og *Digerfallbarden* (13).

Dyr i namna

Namnet *Bjørnøyna* fortel at namnegjevarane


har samanlikna skapet på øya med dyret bjørn. Dyreriket er ofte godt representert i stadnamna. Dei to *Kuholmane* (*Inste og Ytste*, 58 og 55) er sjølvforklarande. Der hadde handelsmannen på *Sørøyna* krøtera sine. Hus kom det ikkje på denne øya før moloen var bygd kring 1870. Men ute på Bjørnsund er det naturleg nok fuglane som er best representert frå dyreriket, men mest på dei mindre lokalitetane. Ingen holme, men ei øy har fuglenamn, og det gjeld øya med fyret, altså *Måøyna* (28). (På kart er det heilt frå 1700-talet blitt skriva *Moøya*, og difor uttalar somme "ikkje-bjørnsundingar" det slik òg med *o*.) Denne øya har av ein eller annan grunn blitt assosiert til fuglen *måse*, kanskje fordi det var ein tendens til at den samla seg der. *Må-* er nemleg det gamle ordet for måse, og me finn det att i andre namn kring oss. (Ved Gossa finn me f.eks. *Måskjeret*.)

Natur og størrelse

Namnet på øyar og holmar beskriv ofte naturen, slik *Hammarøyna* (38) gjer. Her stig hamrane bratt opp frå hamna, og namnet seier seg sjølv. Sjølve skapet går fram òg av namna *Flatholmen* (27) og *Rundholmen* (33), og me får vite om den relative størrelsen av namna *Storbarden* (22), *Storholmen* (42) og *Lisleholmen* (44). (Storholmen er forresten vestraste enden av *Hammarøya*, og dermed ingen sjølvstendig holme.) Slike lettførstålege namn finn me att overalt langs kysten.

Skjærtingane (5) ligg litt unna og søraust for Bjørnsund. Dei er lyse, med ei svartgrodd rand nest. Den ytste er naknast, og i stygt vêr kan han bli overskyldt på flod sjø. Kjøpmann Tande kjøpte *Skjærtingane* i si tid frå Kipersundet i Bud og hadde høyløe der. Ein Nikolai Davgård på Hustad skriv i 1782 at dei kunne nyttast til kleppfisktørking, og at dei burde skattleggast høgare. (Opplyst av Arve Hammerøy.) Me ser altså at dette tydeleg var nokre interessante og verdifulle holmar.

Namnet *Skjærtingane* må komme av den særmerkte lyse fargen. Både fargen og næringsinteressa gjev grunnlag for eit positivt namn på desse holmane, og det får ein med



Skjærlingane sett frå N. Bjørnsund. Foto: Arve Hammerøy.

adjektivet *skjær* (uttalt *skjer* på romsdalsk), som betyr 'rein og klår', eller substantivet *eit skjær*, som betyr 'glans, lysfarge'. Etterstavinga *-ling* er svært ofte brukt om levande vesen som har eigenskapen det er fortalt om i første leddet, og denne "levandegjeringa" kan faktisk òg understreke det positive ved desse holmane.

Litt verre å forstå er *Hessholmen* (49), ein grasvaksen holme som ligg mellom Sørøyna og Hammarøyna. Namnet er ikkje heilt opplagt språkleg, men me kan få hjelp av at holmen er eitt av dei høgaste punkta på Bjørnsund, nemleg med 21 m – og det er ikkje lite for ein holme. Når så holmen òg er liten i omfang og nokså bratt på eine sida, verkar han enda høgare. Difor kan namnet bety 'høgste holmen'. I så fall kan den eldste forma av namnet ha vore *Hæstiholminn*², for 'høgste' heiter *hæsti* på gammalnorsk. Den trykklette *i*-en ville bli til *e* i moderne norsk, og den fell lett bort. Dermed står me att med *Hæstholmen*. Dessutan er det slik at når denne *e*-en fell ut, går tonegangen over frå såkalla tonem 2 til

tonem 1. Dermed får me ei bra forklaring på at ordet har så sterkt trykk på første stavinga

2 Her overser eg kausendinga i nominativ i gammalnorsk.

(dvs. tonem 1). Hadde namnet vore ei samansetning av f.eks. *hest* + *holmen*, ville uttalen ha vore med tonem 2 (som følest som ei jamnare fordeling av trykket i ordet). Altså: Skapet tilseier at dette er ei god tolking, og språkleg passar ho bra.

Endeleg får me litt meir fantasi inn i f.eks. *Trollholmane* (8). Men det er neppe trol-la frå eventyra som folk har hatt i tankane. Dette føreleddet *Troll-* (uttalt *trell-* på våre kantar) er brukt svært mange stader i landet, og det markerer at naturen rundt er vill. Her er det mest sannsynleg at sjøen eller brota er sterke kring desse holmane.

Personar

Ein del stadnamn er blitt laga med å assosiere staden til personar: *Nilsholmen* (44) (= Lisleholmen), *Hanstriholmen* (24), *Helgaholmen* (21). Siste namnet står på eit kart frå sirka 1910-18 frå Hamnevesenet, men då hadde det forma *Helgeholmen*. Det er ikkje umuleg at namnet kan vere knytt til ei Helge Knutsdotter, som tydeleg var ein vesentleg person på 1700-talet (opplyst av Arve Hammerøy.)

I ein del tilfelle kan namna vere så nye at ein kan finne fram til kva person det gjeld. I tilfel-

let med Hanstrikholmen har Arve Hammerøy opplyst at namnet er skrive Hans Erik-holmen på eit kart frå tidleg på 1900-talet. Namnet me kjenner no, Hanstrikholmen, er dermed ei samandregen form. Men her avslører uttalen at det ikkje er ein Hans Erik det kjem av, for dét namnet har hovudtrykket på E-en i Erik. Namnet på denne holmen har trykket på Hans, og då føyer det seg inn i den ikkje uvanlege norske namneskikken med at ein person, her Erik, blir omtalt meir presist med å sette namnet på faren eller mora framom. (Somme tider òg kona eller mannen.) Denne Erik var altså son åt ein Hans, og blei omtalt som 'Hans-Erik. Holmen blir då lett til 'Hanstrikholmen. Arve Hammerøy har endåtil funne ein Erik Hansson på Bjørnsund på 1800-talet. (Den innskotne t-en i namnet er kommen for å lette uttalen, for sr er ikkje lett å seie.)

Til slutt kjem *Vagrisholmane* (12). Det er to låge grasvaksne holmar attmed kvarandre sørom Bjørnsund i retning Gossa. Desse holmane låg til Nørdre Bjørnsund, og saman med Bjørnøyna var dei freda pga. duna. Det gjekk òg i si tid sauer der. Tonegangen i namnet (dvs. trykk på første stavinga med tonem 1) er ofte eit teikn på at ein har med eit personnamn å gjere. Men ikkje kjenner eg til ein slik person, så tolkinga må her eigentleg få stå heilt open foreløpig.

Det er lett å gjere denne personnamntypen til ein restkategori. Inntil eit betre forslag dukkar opp, vil eg difor plassere *Svansholmen* (1) òg her, som ligg søraust for Skjærlingane. Uttalen med det sterke trykket på første leddet kan

3 Ein kan stusse litt på denne gammalnorsk forma *hæsti*, for ho er ikkje vanleg kringom i dette distriktet. Eit alternativ kunne vere at det var det meir moderne adjektivet *høg* som var brukt. Den adjektivforma kom inn før reformasjonen. Det har i eldre mål i ytre Romsdal hatt superlativforma *hægst*, og dermed kunne me tenkje oss at *Hægstiholminn* kunne bli utvikla til Hæssholmen ved ei forenkling av konsonantgruppa midt i ordet. Dette er altså ei muleg utvikling, men litt mindre sannsynleg enn den med utgangspunkt i *Hæstiholminn*.

Eit større problem er det at uttalen med lang vokal er utbreidd, dvs. *Hæsholmen*. Er den opphavleg, passsar han ikkje godt med forklaringa her.

igjen tyde på at det er ein person, men å finne ein som heiter *Svan(n)*, er ikkje lett. Substantivet *svans*, som er vanleg i moderne norsk, er eit relativt nytt ord, og dessutan skulle det helst ha gitt tonem 2, altså ein annan tonegang med jamnare trykkfordeling i uttalen. Igjen har me altså ei uløyst gåte.

Arbeidsliv og anna

I berre eitt tilfelle ser me at ein holme får namn etter bruken, nemleg *Notaholmen* (23), som har så slett berg at ein der drog opp nota og volla ho. Der kunne ein òg sitte og bøte nota. For seg sjølv står òg *Pissholmen* (62), vestom Bjørnsund. Namnet talar for seg sjølv, og høyrer heime blant dei nokså fåe uhøgtdlege namna.


Skjer og fluer

Mange namn på skjer og fluer fortel berre om kva lokaliteten ligg i nærheita av. Namnet viser altså til eit anna namn, ofte øyar eller holmar: *Hammarøyskjeret* (45), *Hessholmskjeret* – *Inste* (48) og *Ytste* (47) – *Bollefluene* (65), *Pissholmskjeret* (63), *Kleppskjeret* (3), *Trollholmsflua* (11) og *Skjærlingflua* (6). Og her kan me òg ta med *Måøybarden* (25), dvs. barden/randskjeret nær Måøyna, og dessutan *Måøyflua* (29), som skaper dei store sjøbrota utpå Måøyna. *Søgårdslua* (34) er enkelt og greitt flua som ligg rett utom "Søgården", som var det formelle matrikelnamnet på sørste huset i Været på Nørdre Bjørnsund.

Vestom Sørøyna finn me på sjøkartet namnet "Løyeskjeret". Dialekten her ytst i Romsdal gjer ikkje forskjell på øy og ei, og dermed kan me få forklart dette som ein misforstått skrivemåte for *Leieskjeret* (61), dvs. at namnet må bety 'skjeret som ligg nær eller mellom båtleine', og det ligg faktisk ved leia ut frå Søre Bjørnsund. Namnet kunne så komme av gammalnorsk lei askerit, og tilsvarande namn finst fleire plassar langs kysten vår. Eit problem er at namnet i dag er uttalt *Leielskjeret*. Representerer det ein gammal uttale, er det vanskeleg å tolke.

Utsjånad

Igjen viser somme namn til størrelsen eller



Bjørnsund,
Nordre og Søre

Bjørnsund sett frå sør. Foto: Harstad.

utsjånaden: *Storskjeret* (41), *Lisleskjeret* (39). 'Steinen' i *Buamaritsteinen* (51) viser at det er tale om eit relativt lite skjer.

Skapet blir karakterisert i namnet *Bollen* (64), som sjølvsagt er rund, og *Knubben* (18) er eit anna ord for 'stabben' eller 'knausen', slik at her blir den litt bratte forma framheva. Flua med namnet *Skolten* (60) er blitt oppfatta som eit rundt berg som så vidt stikk ovom havflata, og dette er sjølvsagt same ordet som 'skolt' i betydninga 'haus' eller 'skalle' (på folk). Dette namnet er svært vanleg langs kysten. *Kleppen* (2), eit skjer mot Aukragrensa, betyr kort og godt 'klump, knaus', som ikkje er eit urimeleg namn på eit skjer, og i dette tilfellet er skjeret høgt i eine enden. *Kleppen* (med krok i), som me har liggande i båten for å dra opp fisken med, har namnet av same grunn, for han er større og altså klumpete i ytste enden, slik at ein kan få kraft i han både når ein skal slå kroken i fisken og ta livet av fisken med å kakke han i hovudet.

Flua *Kola* (50), har namnet sitt etter det gamle ordet for ei 'tranlampe'. Denne flua eller desse to små skjera har ei svokt eller fordjuping i (eller mellom) seg, slik at ein ser eit visst liknament med lampa. *Skåka* (17) utom Bardane reiser seg opp i eine enden, mot hin enden blir ho så låg at det flør oppover ho. Dette skapet har inspirert til ei samanlikning med stonga som går frå hesteselen til vogna eller sleden bak, altså ei skåk. Og endeleg er fargen karakteristisk for *Svartskjeret* (54), som ligg mørkt og lågt over sjøflata. Namnet er vanleg langs kysten.

Personar

Personnamn finn me ikkje mange av i skjera, men me har *Buamaritsteinen* (51), som viser til Marit frå Bud, som er omtalt i eit dikt i *Nordvesten* for 2003. Ho blei gift på Bjørnsund, og segna seier at ho miste alle ungane sine på sjøen. I saknet og fortvilninga gjekk ho seg på havet og blei funnen ved dette

skjeret. Det skal ha vore kring 1850. *Blind-Erik-flua* (31) har namnet etter den blinde Erik Bendiksen, som omkom ved denne flua.

Til denne namnetypen kan me òg rekne eit namn som kjem av eit båtnamn: *Stjerneflua* (36). Her er det tale om eit berg framom bryggja som fiskebåten *Sjustjernå* (skrive Syvstjernen i si tid) brukte. Båten var i drift i mellomkrigstida og fram til sirka 1960, og på Bjørnsund gjekk han under den korte namneforma *Stjernå*.

Eit uforklarleg namn er *Beielskjeret* (53), rett innom Sørøyna. Det blei tidlegare brukt til sankthansbrensle, for der var det trygt å tenne eld. Men å finne eit ord som forklarar første leddet i namnet, er ikkje lett. Dessutan peikar tonegangen i uttalen igjen i retning av at det må vere eit personnamn i første leddet. Men å finne eit slikt namn, anten føre- eller etternamn, har eg ikkje vore i stand til foreløpig.

Ironisk

Så kjem *Kornløysa* (26), dette underlege namnet på eit skjer midt i det som no er molja. (Ei *molje* er det lokale ordet for molo.) Før gjekk Måøysundet her. Det finst nokre andre *-løyse-*namn langs kysten òg, og sørvest for Bjørnsund har me *Matløys-djupet*. Det er nok i desse tilfella tale om eit litt ironisk namn, som fortel at ein var fri for mat og korn. Kanskje kan namnelaginga ha utgangspunkt i ei konkret hending i samband med at folk kom roande heim frå sjøen. Slikt kan me ikkje få stadfesta. Men akkurat *Kornløysa* kan i tillegg assosierast til at dette er eit lite skjer, altså eit korn.

Arbeidsliv

Eigentleg er det ikkje mange namn som fortel om funksjonar i arbeidslivet, naturleg nok sia skjera pga. størrelsen ikkje var lette å bruke til noko slikt. Men me har *Brenneriskjeret* (57), som no går i eitt med Notaskjeret. Det fortel at det på dette skjeret midt i hamna må ha føregått tranbrenning i si tid. Og *Hjellskjeret* (32) har vore plassen for "tørkestativa" for tørfrisk, dvs. *hjellar*. På *Notaskjeret* (58) rett ved hamneinnløpet på Søre Bjørnsund stod det to

nothus før krigen, dvs. hus til å lagre nøter i. *Ringskjeret* (35, 37) finst det to av, og det står ring i begge, dvs. at dei er blitt brukt til fortøyning. Eine blei kalla *Fremskrittsskjeret* før, dvs. at båten *Fremskritt* brukte den ringen. Og me kan ta med under denne kategorien òg *Løtteskjeret* (45), for ei lykt er sjølvsgatt knytt til navigasjonen og dermed sjølivet. Lykta på dette skjeret blei nok sett opp på tidleg på 1900-talet. På Søre Bjørnsund blei same skjeret kalla *Hammarøyskjeret* (45).

Den mest opplagte næringa her, fisket, ser me att i *Klakkesskjeret* (10), som kjem av ordet ein *klakk*. Det er eit svært vanleg namn på våre kantar for ein fiskeplass. Det har nok utgangspunktet sitt i at ordet betyr det same som 'skalle', altså om eit undersjøisk berg. Jamt over er skallar og klakkar på noko djupare vatn enn det som særpregar farvatnet akkurat rundt Klakkesskjeret, men namnet er likevel opplagt.

Mange gamle namn er vanskelege å tolke; ein kjem ikkje lenger enn til å sannsynleggjere eit innhald. Slik er det òg med *Stadflua* (9), som eg vågar å ta under 'arbeidsliv', for det kan vere knytt til gammal navigering. Førsteleddet kan vere det me har både i *Statlandet* (som i eldre form heitte *Staden* eller *Stadlandet*) og i *Stadsbygda* (i *Trøndelag*). I begge tilfella gjeld det noko som *stansar* eller hindrar slik at f.eks. båtar må *stane*. Verba *stanse* og *stane* er begge laga på ordet *stad* (altså *stad-nse* og *stad-ne*). Denne *Stadflua*, som lett bryt, er til hinder slik at styrmannen må legge om kursen. Det må ein gjere ved *Statlandet*, og det må ein ved *Stadflua* når ein kjem nordatil, nærmar seg Bjørnsund og skal sørover gjennom Bjørnøysundet.

Lydar og fuglar

Me ser at fleste namna på skjer og fluer er svært "nøktarne". Men det er nokre med meir "fantasi" i. Då kan me legge merke til at det er lyden frå skjera som folk prøvar å karakterisere i namna. Det var den dei orienterte seg etter når dei var på sjøen i mørkret. Ein teknikk for å hugse dei særprega lydane frå dei ulike skjera og fluene skal ha vore å assosiere dei til meir kjente lydar. Ta f.eks. *Bulderkokken* (40) og

Kjelen (60). Dette er samanlikningar, for det syder og kokar rundt skjera, som frå kjelen. Samanlikninga med ein buldrande kokk er litt ironisk og kan sjølvstund ikkje vere eldre enn sjøfartslivet, som nordmennene lærte av hollendarane på kanskje 1600- og 1700-talet. Frå nederlandsk har me òg fått ordet 'kokk'.

Kanskje kan me plassere *Marfledene* (55) òg her. Ei *flede* betyr i praksis det same som 'flu', men ordet kjem eigentleg av at lokaliteten blir assosiert med noko flatt. Og her er det tale om ein langstrekt tare (og kanskje difor har namnet fleirtalsform). Ordleddet *mar-* finst òg i f.eks. marbakke, men då betyr det 'hav'. Det gjev ikkje så mykje meining ved ei flede, som nødvendigvis ligg i havet, så kanskje er det rimelegare å ta utgangspunkt i verbet *å mare*, som er brukt på Nord-Vestlandet for 'skubbe, grave, gnike'. Då er namnet her altså brukt om uroa og lyden som sjøadraget lagar når vêret står på mot Sørøyna. Desse fledene tek elles godt av for bårane.

Fluene eller grynnene med namnet *Bjørnen* (68) sørom Søre Bjørnsund (og rettnok i Aukra kommune) har òg namnet sitt etter ein slik lydassosiasjon. Dette finn me mykje av langs kysten, og i nærheita vår kjenner me òg til f.eks. *Svartoksen* (på Hustadvika). Når me møter *Kråka* (30) som namn på eit skjer utom Måøyna, kan me òg rekne med at det er lyden som er assosiert til denne fuglen, ikkje forma. Dette skjeret var så viktig for dei sjøfarande at det i ei rettleiing (Paul Löwenörn: *Oplysende Beretninger for de Søefarende*, 2. hefte) frå 1793 er sagt at "Skjæret *Kraaka* er reent paa begge Sider paa en god Kabellængdes Afstand" (s. 9), og det var sjølvstund nyttig å vite.

Men *Tennskjeret* (4) kjem helst av at ternene (altså fuglen) hadde ein tendens til å samle seg der og verpe. Kringom i dette området er det mange *tennskjer* og *tennholmar*, f.eks. ved Gossa. Me finn òg *Skarveskjeret* (7), som fortel at der står skarvane og strekkjer seg. Skit der, gjer dei òg, så skjeret får kvitfarge utpå hausten.


Kobbeflua (43) er på tilsvarande måte ein stad der kobben, altså selen, ofte samla seg. Me ser eit visst mønster i det at dersom det vik-

tige var ein likskap i utsjånaden med dyret eller at staden samla mange av dyre- eller fuglearten, set ein *-øy* eller *-skjer* attom, mens når det er eit

lydmålende namn, brukar ein berre sjølv substantivet, som altså *Bjørnen* og *Kråka*.

Oppsummering

Av desse 67 namna som er gjennomgått her, viser 11 til kva lokaliteten ligg i nærheita av. Ni namn har med arbeids- og næringslivet å gjere, og kanskje åtte namn viser til personar. Det vil seie at absolutt største gruppa er slike namn som beskriv natur og størrelse, og i dei dukkar dyr og fuglar opp i sju.



Holmar og skjer på sørsida av Søre Bjørnsund. Foto: Kystverket.

4 *Marfloneset* ligg rett innom *Marfledene*. Ein kan undrast på om desse to namna har med kvarandre å gjere. På neset er det ein del tjørner der det blir ståande vatn, og i desse tjørnene lever det insekt som kan ha blitt assosiert til *marfloer*, altså tanglopper, kanskje pga. namnet *Marfledene* utafor. Eg er usikker på om det faktisk er tale om den eigentlege marfloa her. (Insektnamnet har med 'å flyge' å gjere, og *mar* står her for hav. Språkleg har me altså eigentleg to forskjellige ord som liknar kvarandre.)

Namna med uttale

Uttalen blir gitt innom skråstrekar. Teiknet *ɛ* markerer ein lyd som er uttalt opnare enn *e* og trongare enn *æ*. Teiknet *ʔ* er tjukk *l*; *l̥* og *n̥* er *l* og *n* med *j*-klang. Teiknet *ʃ* er brukt for sj-lyden, og *:* skal markere lang vokal der ein kan vere i tvil. ' og ` står framom staving med hovudtrykk, og betyr tonem 1 og tonem 2. , står framom staving med bitrykk.

- Beielskjeret* (53) /'beiɛlʃærel/
Bjørnen (67) /'bjɛ'n/
Bjørnøybaren (14) /,bjɛŋŋæ'bar'n/
Bjørnøyna (15) /'bjɛnəna/
Bjørnøysundet /,bjɛŋŋæ'siŋŋe/
Blind-Erik-flua (31) /'bʔiŋŋerik,fʔua/
Bollefluene (66) /,bål̥l̥e'fʔua/
Bollen (65) /'bål̥liŋ/
Brenneriskjeret (57) /,brɛŋŋe'ri,ʃæ:rel/
Buamaritsteinen (51) /,bua'marit,stɛ'n/
Bulderkokken (40) /'bulɔɔer,kåʔkʔiŋ/
Digerfallbarden (13) /,deger'fal̥la/
Flatholmen (27) /'fʔathåʔmen/
Hammarøyna (38) /,hammar'əna/
Hammarøyskjeret (45) /,hamræʃæ:rel/
Hanstrikholmen (24) /'hanstrik,håʔmen/
Helgaholmen (21) /'hælgə,håʔmen/
Hessholmen (49) /'hæsshåʔmen,
 hæ:shåʔmen/
Hessholmskjeret /'hæsshåʔm,ʃære,
 'hæ:shåʔm,ʃære/ – *Inste* (48) og *Ytste*
 (47)
Hjellskjeret (32) /'jɛllʃærel/
Kjelen (61) /'kʔel'n/
Klakkiskjeret (10) /,kʔakke'ʃærel/
Kleppen (2) /'kʔæppen/
Kleppiskjeret (3) /'kʔæppʃærel/
Knubben (18) /'knubben/
Kobbeflua (43) /,kåbbe'fʔua/
Kola (50) /'kåʔå/
Kornløysa (26) /'kåŋŋlɛså/
Kråka (30) /'kråka/
Kuholmen (58 og 55) /'kuhåʔmen/ – *Inste*
 og *Ytste*
Leieskjeret (62) /'leiel,ʃærel/
Lisleholmen (44) /,liʃʃe'håʔmen/
Lisleskjeret (39) /,liʃʃe'ʃærel/
Løtteskjeret (45) /,lɔkte'ʃæ:rel/
Marfledene (55) /'marfʔe'n/
Midtibarden (20) /'metti,bar'n/
Måøybarden (25) /,måɛi'bar'n/
Måøyflua (29) /,måɛi'fʔua/
Måøyna (28) /'måɛna/
Nilsholmen (44) (= Lisleholmen)
 /'nilshåʔmen/
Notaholmen (23) /,nota'håʔmen/
Notaskjeret (58) /,nota'ʃærel/
Nørdstebarden (19) /,nøʃte'bar'n/
Nørøyna (16) /'nøɛna/
Pissholmen (62) /'pesshåʔmen/
Pissholmskjeret (64) /,pesshåʔm'ʃærel/
Ringskjeret (35, 37) /'rɛŋʃærel/
Rundholmen (33) /'ronŋhåʔmen/
Skarveskjeret (7) /,skarve'ʃærel/
Skjærlingane (5) /'ʃe:rliŋə/
Skjærlingflua (6) /,ʃe:rliŋ'fʔua/
Skolten (61) /'skåʔt'n/
Skåka (17) /'skåʔa/
Stadflua (9) /'staʔflua/
Stjerneflua (36) /'ʃe:rn,fʔua/
Storbarden (22) /'storbar'n/
Storholmen (42) /'storchåʔmen/
Storskjeret (41) /'storʃærel/
Svansholmen (1) /'svaŋshåʔmen/
Svartskjeret (54) /'svartʃærel/
Søgårdsflua (34) /'søgås,fʔua/
Sørøyna (52) /'søɛna/
Tenniskjeret (4) /'tɛŋŋʃærel/
Trollholmane (8) /'trɛʔl̥håʔman/
Trollholmflua (11) /,trɛʔl̥håʔm'fʔua/
Vagrisholmane (12) /'va:gris,håʔman/

